

Svar på spørsmål frå representanten Fosse Andersen (Sp) om rekruttering til restaurant- og matfag

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse viser til representanten Alexander Fosse Andersen (Sp) sine spørsmål om rekruttering til restaurant- og matfag.

1. Korleis vert det jobba med auka rekruttering til restaurant- og matfag i Vestland fylkeskommune? Kva er status for «rekrutteringsprosjektet»?

Hausten 2019 vart det gjennomført eit møte med skular, arbeidsliv og bransjane. Målet var å undersøke korleis ein kan oppnå ein meir koordinert rekrutteringsinnsats og formalisere av samarbeidet mellom ulike nøkkelaktørar. I møtet vart det peikt på følgjande:

- Det er stort behov for å samle ressursane og få til eit felles løft og ei meir synleg felles retning.
- Det bør etablerast eit nytt forprosjekt for kartlegging og analyse av situasjonen i Vestland med mål om og arbeide fram ein prosjektplan for eit hovudprosjekt som innan 2025 skal auke rekrutteringa til RM.
- Fylkeskommunen bør ta ei sterkare koordinerande rolle med støtte frå bransjane, skular og arbeidsliv.

Føreslegne tiltak er i tråd med rapporten «[Uten fagarbeidere - ingen matnasjon](#)» utarbeidd av Rådgivende utvalg for rekruttering til mat- og måltidsbransjen og publisert februar 2021.

Dei vidaregåande skulane, opplæringskontor og bransjane i Vestland gjer mykje kvar for seg for å auke rekrutteringa til restaurant- og matfag. Fylkesdirektøren ser det som naturleg at vidare arbeid med rekruttering til restaurant- og matfag sjåast opp mot føreslegne tiltak i nemnde rapport.

2. Ser opplæringsdirektøren føre seg nye tiltak som kan auke rekrutteringa til restaurant- og matfag?

I januar 2020 vedtok regjeringa å setje ned eit rådgivande utval for å identifisere dei viktigaste utfordringane og, foreslå tiltak for å auke rekrutteringa til mat- og måltidsbransjen.

I rapporten «[Uten fagarbeidere - ingen matnasjon](#)» vurderer utvalet utfordringane knytt til m.a. låge søkartal og manglande rekruttering av fagarbeidarar til bransjen. Utvalet gir 24 tilrådingar til korleis rekrutteringa kan aukast på kort og lang sikt.

Tilrådingane er gruppert i fire hovudoverskrifter:

- 1) kompetansebehov og utdanning
- 2) grunnskolen og vidaregåande opplæring
- 3) arbeidsforhold og omdømme
- 4) uklar rolle- og ansvarsfordeling for rekruttering og gjennomføring

Rapporten beskriv tiltak som kan settast i verk både på nasjonalt og lokalt nivå.